





Planføresegner

for Meland kommune



Planføresegner

Meland kommune

Arealdelen
av kommuneplanen

Innhald:

- Verknader av planen, definisjonar og forhold til anna lovverk
- Føresegner
- Vedlegg

Verknader av planen.

- Kommuneplanen er utarbeidd med heimel i plan og bygningslova (pbl) § 11–5. Kommuneplanen skal leggast til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen, jf. pbl § 11–6
- Føresegnene er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk jf. pbl §11–6
- Den formelle delen av planen er:
 - Plankart i målestokk 1:20 000, datert 20.05.2015
 - Føresegn, datert 20.05.2015
 - Planskildring, datert 20.05.2015
- Føresegnene inneheld både generelle føringar som gjeld for fleire arealbruksføremål og særskilte føresegner knytt til det enkelte arealbruksføremålet
- Retningslinjer til kommuneplanen er ein del av planskildringa. Planskildringa med tilhøyrande konsekvensutgreiing og ROS–analyse er rettleiande og kan ikkje brukast som heimelsgrunnlag for vedtak etter planen. Dei representerer kommunens sine ynskjer for utviklinga i planperioden og skal leggast til grunn i arealplanlegging og byggjesakshandsaming.
- Ved motstrid mellom ulike arealplanar, gjeld den siste godkjente planen dersom ikkje anna er avklart i kommuneplanen
- Reguleringsplanar som gjeld framfor kommuneplan er vist i tab. 10, jf. pbl § 11–8 f)

Definisjonar (utan rettsverknad)

Kommuneplanen sin arealdel fastlegg hovudtrekka i korleis areala skal brukast og vernast. I dette ligg kva viktige omsyn som skal liggje til grunn ved disponering av areala og korleis areala skal disponerast samla sett for å oppnå måla for samfunnsutviklinga. Arealdelen omfattar arealkart, føresegnar og ei planskildring med konsekvensutgreiing med risiko- og sårbarheits analyse, jf. pbl §§ 4-2, 2. ledd og 4-3, 1. ledd. Ein vedteken plan skal leggjast til grunn for vidare planlegging og forvaltning, jf. § 1-5, samt at kommuneplanens arealdel er bindande for framtidig arealbruk, jf. pbl § 11-6.

Reguleringsplan er eit arealplankart med tilhøyrande føresegn som fastlegg bruk, vern og utforming av areal og fysisk omgjevning. Reguleringsplan kan utarbeidast som områderegulering eller detaljregulering, jf. pbl §§ 12-2 og 12-3.

Områderegulering er ei planform som kan utarbeidast av kommunen etter krav i kommuneplanens arealdel, eller der kommunen etter tilhøva finn det naudsynt å utarbeide slik reguleringsplan for eit område for å ivareta verneomsyn eller for å legge til rette og setje rammer for vidare planlegging. Områderegulering er i utgangspunktet ei kommunal oppgåve, men kommunen kan likevel overlate til andre mynde eller private å utarbeide forslag til områderegulering.

Detaljregulering vert nytta for å følgje opp og konkretisere overordna arealdisponering i kommuneplanen sin arealdel eller områderegulering. Både private og offentlege aktørar kan utarbeide detaljregulering.

Konsekvensutgreiing gjer greie for korleis rikspolitiske mål, eksempelvis statlige plan- og arealretningslinjer i regional plan, er ivaretekne og fylgt opp.

ROS-analyse er ei analyse av risiko og sårbarheit. Analysen skal gje grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur og materielle verdiar. Dette gjeld både naturgitt og menneskeskapt risiko og sårbarheit.

Utbyggingsavtale er ein avtale mellom kommunen og grunneigar, eller utbyggjar om utbygging av eit område, som har sitt grunnlag i kommunen sin planmynde etter plan- og bygningslova og som gjeld gjennomføring av kommunal arealplan.

Nødvendige tiltak i landbruket er definert som i rettleiar for Landbruk +, T-1443:2005

Fritidsbustader er nytta til overnatting i samband med privat fritidsbruk.

Næringsområde er område som er nytt til industri, handverk- og lagerverksemd. Næringsverksemd som er nemnt som eige føremål i lova, som t.d. kjøpesenter, forretning, tenesteyting, er ikkje rekna under næringsområde.

Naust er uthus i strandsona som vert nytta til oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap.

Universell utforming vil seie at produkt, byggverk og uteområde som er i ålmenn bruk, skal utformast slik at alle menneske skal kunne nytte dei på ein likestilt måte så langt råd er utan spesiell tilpassing eller hjelpemiddel.

Tilgjengeleg bueining er bueining som er tilgjengeleg for personar med funksjonsnedsetting.

Leikeareal er areal som er sett av til leik, medan **Leikeplass** er areal som er opparbeidd til leik, til dømes med fallunderlag og leikeapparat. Leikeplass kan inngå i leikeareal.

MUA er minste areal for opphald ute. Arealet skal vere godt eigna til opphald og rekreasjon. MUA kan omfatte kombinasjon av private område tilknytt den einskilde bueining (hage, balkong og terrasse) og fellesareal for fleire bueiningar. MUA kjem i tillegg til leike og friområde.

BYA er bygd areal og er det arealet som bygningen opptar av terrenget. I bygd areal reknast også med overbygd areal, utkraga bygningsdelar samt konstruksjonar og bygningsdelar som stikk meir enn 0,5 m ut over veggiv. Parkeringsarealet inngår i utrekningsgrunnlaget jf. gjeldande byggteknisk forskrift (TEK)

BRA er summen av bruksarealet for kvar målbar etasje innafor omsluttande begger, pluss nærare opplista tilleggsareal i gjeldande byggteknisk forskrift (TEK).

Teknisk infrastruktur er veg-, vatn-, og avlaups-anlegg, sløkkjevatn, miljøstasjon, vegljøs, andre samordna tekniske installasjonar mm (straum, breiband, TV, telefon)

Vassdrag er i følgje vassressurslova § 3 definert som alt stillestående eller rennande overflatevatn med årsikker vassføring, med tilhøyrande botn og bredder inntil høgste vanlege flaumvasstand. Sjølv om eit vassdrag på einskilde strekningar renn under jorda, reknast det i si heilskap som vassdrag. Som vassdrag reknast og vasslaup utan årsikker vassføring dersom det skil seg tydleg frå omgjevnaden.

Barnetråkk er kartfesta registreringar av barn sin bruk av nærområde. Elevar i 5–7 klasse har registrert bruk av områda i fritida medan lærarar har registrert bruk i skuletida. Registreringane er digitalisert i kommunen sitt kart og skal brukast ved handsaming av bla. byggesak og reguleringsplanar.

Viktige lover og reglar for arealbruken i kommunen (ikkje uttømande):

- **Kulturminnelova.** Har som mål å verne kulturminne og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. I alle byggeområde skal § 9 om undersøkingsplikt ivaretakast. Dette gjeld både land- og sjøområde. Dersom det er sett i gang tiltak som kan virke inn på eit automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast og sendast til kulturmynde for handsaming, jf. § 8.
- **Jordlova.** Har som føremål å leggje tilhøva slik til rette at arealressursane kan verte brukt på den måten som er mest gagneleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket, jf. § 1. Deling av landbrukseigedom må handsamast etter jordlova § 12. Dette gjeld og i område der spreidd bustadbygging er tillate.
- **Naturmangfaldslova** er ei lov om forvaltning av naturens mangfald.
- **Matrikkellova** set krav til registrering av eigedomsopplysningar og klargjering av grenser.
- **Veglova** set vilkår for vegstandard og forvaltning av offentleg og privat vegnett.
- **Ureiningslova** har som formål å verne det ytre miljøet mot ureining og sikre miljøkvalitet, helse og trivsel for menneska og naturen.
- **Forskrift om tekniske krav til byggverk** (TEK) Forskrifta skal sikre at tiltak vert planlagt, prosjektert og utført ut frå omsyn til gode visuelle kvalitetar, universell utforming og slik at tiltaket oppfyller tekniske krav til tryggleik, miljø, helse og energi.
- **Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænse på riks- og fylkesvegar i Region vest** er retningsgjevande for vegstyresmaktene si handsaming av plan- og enkeltsaker.
- Nordhordland Digitalt sin **Startpakke for private planar** er retningsgjevande for utarbeiding av private planar.

1 GENERELLE FØRESEGNER, JF. PBL § 11–9

1.1 Tilhøve mellom kommuneplanens arealdel og gjeldande reguleringsplanar

Vedtekne reguleringsplanar (tab.10) gjeld før kommuneplanens arealdel, men med unntak for reguleringsplanar som går fram av tab. 1 og tab. 2.

For byggegrense langs sjø gjeld kommuneplanen sin arealdel framfor vedtekne reguleringsplanar.

Tab. 1 Område der kommuneplanens arealdel går føre reguleringsplan

PlanID	Plannamn	Område
125620060002	Reguleringsplan for Mjåtveitmarka	B_7
125619971015	Reguleringsplan for Flatøy sør/aust	B_1, NA_1, NA_2, NA_3, FL_1
125619930624	Reguleringsplan for Frekhaug aust	oT_1
125619890001	Reguleringsplan for Flatøy Vest	B_2, N_2, NA_3, FL_2, FE, GR
125619850923	Reguleringsplan for Holmemarka	oT_3
125619780001	Reguleringsplan for Moldekleiv	oT_4

Tab.2 Reguleringsplanar som utgår

PlanID	Plannamn
125619920804	Reguleringsplan for Hatleberget/Fosse

1.2 Plankrav, jf. pbl § 11–9, nr 1

1.2.1 Areal sett av til framtidig bygg og anlegg, herunder massedeponi og masseuttak etter pbl § 11–7 nr. 1, noverande bustader, noverande fritidsbustader og til framtidig samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur etter pbl § 11–7 nr. 2, skal inngå i reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve etter pbl §§ 20–1 og 20–2 vert tillate, med mindre anna er sagt under det einskilde planføremål. Detaljreguleringsplan skal vise plassering av bygningar og anlegg, planerings- og bygningshøgder samt terrenghandsaming, jf. pbl § 11–9 nr 1. Når det gjeld fortetting av areal sett av til noverande område for bygg og anlegg, sjå punkt 2.1.1

1.2.2 I områder merka med sone «H810 – krav til felles planlegging» kan det ikkje gjerast tiltak før det ligg føre områderegulering. For utfyllande liste, sjå pkt. 4.4

1.3 Utbyggingsavtale, jf. pbl § 11–9 nr 2 og kap. 17

1.3.1 Kommunen legg følgjande prinsipp til grunn for inngåing av utbyggingsavtalar for nye utbyggingsområde i heile kommunen, jf pbl § 17–2:

- Det er ein føresetnad at det blir inngått utbyggingsavtale før det blir gjeve løyve til igangsetting av tiltak, når godkjent arealplan (kommuneplan eller reguleringsplan) med tilhøyrande føresegner inneber utbygging av offentlege anlegg, til dømes offentlege trafikkområde eller grønstruktur / friområde, kommunalteknisk infrastruktur / kablar o.l.

- Det er ein føresetnad at det blir inngått utbyggingsavtale i område der kommunen ønskjer å fastsette talet på bustader, storleiken på bustadene eller krav til utforming av bustadene.
- Det er ein føresetnad at det blir inngått utbyggingsavtale der kommunen eller andre skal ha forkjøpsrett eller tildelingsrett til bustader.

1.3.2 Utfyllande eller utdjupande krav til innhaldet i utbyggingsavtalen kan innarbeidast i kommunedelplan eller reguleringsplan.

1.4 Krav om nærare gjevne løysingar, jf. pbl § 11–9, nr 3 (vassforsyning, avlaup, veg mm)

1.4.1 Meland kommune sin godkjente VA- norm og vegnorm skal leggjast til grunn ved all utbygging.

1.4.2 Langs FV 245 Ådlandsvegen skal det setjast av plass til infrastruktur til kollektivtransport i samband med regulering av nye bustadområde. Det skal etablerast gang- og sykkelvegnett og samband til kollektivhaldeplass.

1.4.3 Det kan krevjast tilknytingsplikt til offentleg vatn og avlaup for fritidsbustader på same vilkår som for bustader, jf. pbl § 30–6.

1.4.4 I framtidige næringsområde skal det vurderast energireduserande tiltak, og leggjast til rette for forsyning av eksempelvis vassboren varme og biovarme.

1.4.5 For framtidige næringsområde skal det leggjast til rette for gang- og sykkeltransport, og tilkomst til/frå kollektivhaldeplass.

1.4.6 Langs hovudvegen FV 564 skal kryssing av gang- og sykkeltrafikk i utgangspunktet skje planfritt.

1.5 Krav om rekkjefølgje for å sikre samfunnservice, teknisk infrastruktur mm, jf. pbl § 11–9, nr 4

1.5.1 Utbyggingstakt (rekkefølgje på utbygginga)
I område sett av til framtidig bustadbygging kan det totalt byggjast inntil 150 nye bustader i året i planperioden (2015 – 2026).

1.5.2 Krav til teknisk infrastruktur jf. pbl §§ 27–1,2,3 og 4

- For areal sett av til bygg og anlegg skal infrastruktur for veg, vatn, overvatn og avlaup sjåast i samband med eksisterande og framtidig utbygging i området, slik at det vert etablert heilskaplege løysingar. Der kommunen finn det naudsynt, skal det utarbeidast felles planar for slik infrastruktur.
- Det kan ikkje setjast i gang byggjetiltak innanfor regulert område før hovudplan for teknisk infrastruktur er omsøkt og godkjent av kommunen.
- Det kan ikkje gjevast bruksløyve for bygningar innanfor regulert område før det er gjeve bruksløyve for teknisk infrastruktur fram til respektive eigedommar.
- Før bruksløyve for VA-anlegg kan gjevast skal det liggja føre «som bygd» dokumentasjon for anlegget, og denne skal vera godkjent av kommunen.
- Tilstreккеleg kapasitet for sløkkjevatt må vere etablert før område for utbygging blir tekne i bruk.

- 1.5.3 For område avsett til framtidig bygg og anlegg kan det ikkje gjevast rammeløyve eller løyve til igangsetting av nye tiltak før:
- Det ligg føre ROS-analyse som syner utfordringar knytt til miljø, overvatn, sårbare artar, avløp, massehandtering m.m.
 - Avkøyringar / kryss med samband til kollektivhaldeplassar og fortau / gang- og sykkelveg langs hovudveg er etablert.
- 1.5.4 For område avsett til framtidig bygg og anlegg kan det ikkje gjevast bruksløyve til bustader før:
- Naudsynt kapasitet på skule og barnehage er etablert
 - Leikeplassar er opparbeidd og ferdigstilte
 - Fortau / bilfri gang- og sykkelveg til næraste skule er opparbeidd
- 1.5.5 Krava om rekkjefølgje er ikkje til hinder for tiltak på eigedom med eksisterande bygningar for:
- Tiltak etter pbl § 20-1, bokstav c), e), f), h), i), og j)
 - Tiltak som fell innfor reglane i pbl §§ 20-2, 20-3 og 20-4
 - Påbygg der samla bruksareal (BRA) er inntil 50 m² og som ikkje utgjer ei ny bueining
- 1.5.6 Område med særskilt rekkjefølgje, jf. pbl §11-9 nr. 4
- For framtidige og noverande, ikkje utbygde område for bygg og anlegg Fosse - Håtuft - Ådland, må nytt kryss ved Krossnessundbrua vere etablert før det kan gjevast byggeløyve for nye tiltak
 - For framtidige og noverande, ikkje utbygde område for bygg og anlegg Fosse - Håtuft - Ådland, må trafiksikringstiltak langs FV 245 vere gjennomført før det kan gjevast byggeløyve for nye tiltak
 - For området Midtmarka (BE_1) og Rotemyra (BE_2) må planfritt kryss med E 39 vere etablert før det kan gjevast byggeløyve for nye tiltak
- 1.5.7 Samfunnssikkerhet, risiko og sårbarhet (ROS), jf. pbl § 4-3
- Samla analyse for risiko- og sårbarheit for Meland kommune 2013 (KOMROS) skal leggjast til grunn for arbeid/ tiltak i kommunen. Tema frå KOMROS skal vurderast og takast med i ROS-analyse for planarbeid og tiltak. Vurdering av planlagde tiltak og beredskap skal sjåast i samanheng.

1.6 Krav om byggjegranser, leikeareal, utnytting, funksjonskrav m.m. jf. pbl § 11-9, nr 5 og 8

1.6.0 Generelt

- Statens vegvesen (SVV) sin vegnormal N100 (veg og gateutforming) gjeld fram til kommunen har godkjent eigen vegnorm.
- Planlegging og utbygging skal utførast slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av høg vasstand (+2,5-3 m)
- Dersom ikkje anna er fastsett i kommuneplanen eller godkjend reguleringsplan, gjeld ei generell byggegrense mot sjø på 100m og mot vatn og vassdrag på 50 m, jf. pbl § 1-8.
- Byggegrense mot sjø i gjeldande reguleringsplaner er vist i plankartet, jf. pkt. 4.6 tabell 10
- Det skal vera mogleg for allmenta å ferdast langs stranda. Bygningar og anlegg må ikkje stenge korridorar og passasjer ned til og langs strandlina, med mindre betre alternativ er sikra. Etablerte stiar skal takast i vare.
- Der det er naudsynt for framføring av kablar, leidningar og røyr for teknisk infrastruktur, kan graving i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag utførast så lenge inngrepet skjer skånsamt og terrenget vert ført attende til det opphavlege.

- 1.6.1 Følgjande byggjegrænse gjeld **mot sjø** for areal lagt ut til følgjande føremål:
- Fritidsbustad (ny eining) = 30 m
 - Hamn/kai = 0 m
 - Naust (framtidig og eksisterande), småbåthamn, flytebyggjer og fellesanlegg = 0 m
 - Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur med underføremål = 0 m
- 1.6.2 Følgjande byggjegrænser gjeld **mot vatn og vassdrag** for areal lagt ut til følgjande føremål:
- Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur med underføremål = 0 m
- 1.6.3 På uregulert bygd bustadeigedom og i område lagt ut til spreidd byggeområde gjeld ikkje byggjegrænser **mot sjø, vatn og vassdrag** for følgjande tiltak:
- Tilbygg eller påbygg med bruksareal (BRA) på inntil 50 m² til eksisterande bygg
 - Garasje med bruksareal (BRA) på inntil 50 m² eller tilbygg til eksisterande garasje, men der samla bruksareal (BRA) = 50 m²
 - Uthus med bruksareal (BRA) inntil 15 m²
 - Fasadeendring på eksisterande bygningar eller riving
 - Tiltak innomhus som ikkje fører med seg bruksendring, tilrettelegging for endra bruk eller auka tal på einingar
 - Tiltak kan likevel ikkje plasserast nærare sjø og vassdrag enn eksisterande bygningar (bygg/veggliv)
- 1.6.4 På uregulert bygd fritidseigedom gjeld ikkje byggjegrænser **mot sjø, vatn og vassdrag** for følgjande tiltak:
- Tilbygg eller påbygg med bruksareal (BRA) på inntil 30 m² til eksisterande fritidsbustad
 - Uthus med bruksareal (BRA) inntil 15 m²
 - Fasadeendring på eksisterande bygningar eller riving
 - Tiltak innomhus som ikkje fører med seg bruksendring, tilrettelegging for endra bruk eller auka tal på einingar
 - Tiltak kan likevel ikkje plasserast nærare sjø og vassdrag enn eksisterande bygningar (bygg/veggliv)
- 1.6.5 For LNF-område innafor 100- metersbeltet langs **sjø og vassdrag** er det tillate med bygningar, landbruksgjerde, leskur, landbruksveg, opplag for landbruk, fiske, akvakultur og ferdsle til sjø eller andre tiltak som er nødvendige for aktiv landbruksdrift, jf pbl § 11–11 nr.4.
- 1.6.6 For følgjande område gjeld særskilt i høve til byggjegrænser **mot sjø**:
- Frå Litlebergen til Frekhaug går byggjegrænse mot sjø i hovudveg, FV564 og FV 245, utanom naustområde NA_32 på Fosse.
 - Fløksand: Grense inst i vågen går i vegen, FV 564 og Beitingsvegen.
 - I Beitingen hyttefelt gjeld grense som på uregulert bygd bustadeigedom, pkt. 1.6.3
 - Vikebø–Rossland–Skintveit: For alle bustadområde mellom Rylandsvassdraget og Eldsfjellet går byggjegrænse mot sjø i arealføremålet.
 - Rosslandspollen: Grense går arealføremålet for N_11, N_12, N_15 og N_16.
 - Ypsøy: grense går i arealføremålet for areal til fritidsbustad, naust og LNF-spreidd busetnad.
 - I Sætreivågen går byggjegrænse i veg fram til område for naust/næring der det går i arealføremålet.
 - På Skjelanger går grensa i vegen på oppsida av strandenga, definert ved to av teigane på 55/16 og 55/7.

- Flatøy: byggegrenser går i grense for arealføremål for L_1 og N_2

1.6.7 For bryggjer gjeld følgjande:

- På areal med direkte tilknytning til eksisterande bygningar (bustad, fritidsbustad eller naust) er arealføremålet i plankartet og føresegner om byggegrense mot sjø etter pbl. § 1-8, ikkje til hinder for utlegging av flytebryggje som fellesanlegg på inntil 15 m², med maksimal breidde på 3 m.
- Bryggjer skal ha god terrengtilpassing og utformast slik at dei ikkje verkar dominerande eller er til hinder for ferdsel. Bryggjer, båtfeste og andre konstruksjonar og anlegg skal ta omsyn til allmenn ferdsel og utformast nøkternt. Bryggjefront skal utførast i tre, stein og/eller betong. Evt pir skal ikkje vere breiare enn 2 m.
- Til byggeområde for naust kan det tillatast fellesanlegg på land og i sjø.
- I naustområde kan det etablerast båtopptrekk og bryggje/pir felles for to nausteiningar eller fleire.

1.6.8 I tilknytning til område for småbåthamn kan det byggjast tilhøyrande anlegg for båtopptrekk, lagringsplass, parkering o.l. på land.

1.6.9 I reguleringsplanane skal det leggjast til rette for høg utnytting og konsentrert busetnad i byggeområda B_5, B_6, B_8, B_9, B_17, BE_1 og BE_2.

1.6.9 Tab.4 – Krav til parkering

Føresegn om parkering		Minstekrav til parkeringstal pr. eining i høve til føremål (bil og sykkel)		Maksimalkrav ³ til parkeringstal pr. eining i høve til føremål (berre bil)
Føremål / verksemd	Eining	Sykkel	Bil	Bil
Rekkjehus / bustad med ≤ 4 einingar	Eining	0	2	2
Rekkjehus / bustad med ≥ 5 einingar	Eining	0,5	1,5 ¹	2
Fritidsbustad	Brukseining	0	1	2
Naust med eiga gnr./bnr./snr.	Brukseining	0	1	1
Lager	250m ² (BRA)	0	1	1
Forretning	40m ² (BRA)	0,2	1 ¹	1,5
Småbåtanlegg med ≤ 20 plassar	3 båtplassar	0	1	3
Småbåtanlegg med ≥ 20 plassar	3 båtplassar	0,3	1 ¹	3
Helseinstitusjon	Årsverk	0,2	0,5 ¹	1
Skule og barnehage	tilsett	0,2	0,6 ¹	1
	Born < 8 år	0	0,2 ¹	0,5
	Born > 8 år	0,6	0	0
Fotballbane	Bane	25	25 ¹⁺²	25
Idretts- og symjehall	Hall	60	60 ¹⁺²	80
Hotell / overnatting	Gjesterom	0,5	0,6 ¹	1
Treningscenter	50m ² (BRA)	0,5	1 ¹	1
Kontor	50m ² (BRA)	0,5	1 ¹	1
Industri / verkstad	100m ²	0	1 ²	1,5
¹ Av talet plassar skal min. 5% vere utforma og reservert rørslehemma. Desse plassane skal ha kortast mogleg gangavstand til hovudtilkomst og ein tilpassa trase.				
² For større idretts- og fleirbruksanlegg eller industri- og næringsetableringar kan det som alternativ utarbeidast parkeringsanalyse som dokumenterer fullnøyande løysingar for ulike brukar med ulike behov.				
³ Maksimalkrav til parkeringstal gjeld ved utarbeiding av reguleringsplan.				

1.6.10 Parkeringsplass og garasje skal plasserast og utformast slik at bil kan snu på eigen eller felles grunn utanfor veg.

1.6.11 Avkøyrslar til private vegar skal tilfredsstillе dei same tekniske krav til utforming og frisikt som er sett for avkøyrslar til offentlege vegar.

1.6.12 Tab.5 – Krav til felles leike- og opphaldsareal ute

	Sandleikeplass	Nærleikeplass	Større leikeområde
Bueiningar pr. leikeplass	<ul style="list-style-type: none"> • 5-24 	<ul style="list-style-type: none"> • 15-150 	<ul style="list-style-type: none"> • 150-500
Storleik (min)	<ul style="list-style-type: none"> • 150-250m² 	<ul style="list-style-type: none"> • 500-1500m² • 2 x 750m² • 3 x 500m² 	<ul style="list-style-type: none"> • 3000-5000m² • 2 x 2500m²
Utstyr	<ul style="list-style-type: none"> • Sandkasse • Leikereiskap (min. 2) • Bord/benk 	<ul style="list-style-type: none"> • Leikereiskap (min. 2) • Vegetasjon • Naturterreng • Sand/asfalt • Bord/benker 	<ul style="list-style-type: none"> • Vegetasjon • Naturterreng • Gress/grus • Asfalt • Mål
Aktivitet	<ul style="list-style-type: none"> • Småbarnsleik 	<ul style="list-style-type: none"> • Balleik • Sykling • Aking • Byggeleik 	<ul style="list-style-type: none"> • Balleik • Sykling • Aking • Byggeleik
Plassering	<ul style="list-style-type: none"> • Max 50m frå bueining • Augekontakt med bueinig • Skjerma frå køyreveg • Meste av arealet er flatt • Min 50% sol ved jamdøgn kl. 15 	<ul style="list-style-type: none"> • Max 150m frå bueining • Trafikktrygg tilkomst • Skjerming mot trafikk og bustad • Min. 50% flatt • Min. 50% sol ved jamdøgn kl. 15 	<ul style="list-style-type: none"> • Max 500m frå bueining • Trafikktrygg tilkomst • Skjerma mot trafikk • God avstand frå bustadar • Min. 50% flatt • Min. 50% sol ved jamdøgn kl. 15
Dekke	<ul style="list-style-type: none"> • Toppdekke 0-5mm banedekke • 10cm tykkelse på grov grus 0-16 T1 	<ul style="list-style-type: none"> • Toppdekke 0-5mm banedekke • 10cm tykkelse på grov grus 0-16 T1 	<ul style="list-style-type: none"> • Toppdekke 0-5mm bane-dekke • 10cm tykkelse på grov grus 0-16 T1
Gjerde	<ul style="list-style-type: none"> • Flettverksgjerde • Maske 5x5cm • Sintret plast • T50 stolper vert styrkt med rør oppe og nede • Høgde 113cm 	<ul style="list-style-type: none"> • Inngjerding vurderast • Høgde etter vurdering/behov • Same kvalitet som sandleikeplass 	<ul style="list-style-type: none"> • Inngjerding vurderast • Høgde etter vurdering/behov • Same kvalitet som sandleikeplass
Port	<ul style="list-style-type: none"> • Port med barnehagelås 	<ul style="list-style-type: none"> • Etter vurdering 	<ul style="list-style-type: none"> • Etter vurdering

1.6.13 Areal for opphald ute (MUA)

Arealkrav

- I område for eine- og tomannsbustader skal det setjast av privat uteopphaldsareal MUA = min. 200 m² pr. bueining over 60 m². For kvar bueining under 60 m² er kravet min. 50 m².
- Når det samla vert bygd fleire enn 4 bueiningar over 60 m², skal i tillegg min. 150 m² setjast av til felles sandleikeplass.
- I område for konsentrert busetnad, skal det setjast av privat uteopphaldsareal MUA = min 50 m² pr. bueining og felles leikeareal MUA = min. 50 m² pr. bueining.
- Ved bymessig utbygging med gatestruktur eller ved blokker over 3 etasjar kan høvet mellom privat og felles MUA endrast i reguleringsplan.

Kvalitetskrav fellesareal

- Lokalisering – Ved utarbeiding av reguleringsplan skal eigna areal for barn og unge ha prioritet og lokalisert tidleg i prosessen.
- Helling – Som hovudregel skal areal ikkje vere brattare enn 1:3 og ikkje smalare enn 10m. Brattare eller smalare areal må ha særskilde kvalitetar, som t.d. vere eigna til akebakke.
- Helse, miljø og sikkerhet – Areal skal ha trafiksikker plassering og tilkomst, og skal skjermast mot støy (< 55dB), rasfare, stråling, forureining og anna helsefare.
- Form og struktur – Areal skal ha tenleg form, storleik og plassering. Restareal reknast ikkje med. Minimum 50% skal liggje samla og sentralt i bustadområdet og knytast mot anna grøntområde.
- Lokalklima – Areal skal ha ei plassering og opparbeiding som best mogleg utnyttar sola og lokalklima. Skal skjermast mot vanleg (herskande) vindretning.
- Opparbeiding – Felles leikeareal skal vere opparbeidd med anlegg og apparat av god kvalitet før bustader kan takast i bruk.

1.6.14 Tilhøve mellom busetnad og tomt

- **Einebustad** er ei bueining (primær) + eventuell sekundærhusvære på inntil 70m². Tilhøvet mellom primær- og sekundæreining kan vere inntil 3:1. Tomannsbustad treng ikkje vere to like store bueiningar
- **Minste tomteareal** for einebustader er 650 m² og for tomannsbustader 1000 m² (500 m² per bueining). For eine- og tomannsbustader gjeld følgjande: Største gesimshøgde er 8,0 m og største mønehøgde er 9,0 m, målt frå gjennomsnittleg planert terreng
- I område der eine- og tomannsbustader dominerer, skal det som hovudregel ikkje byggast hus med fleire enn to bueiningar
- **Bygd areal (BYA)** skal ikkje overstige 30 %. Samla bruksareal (BRA) for bustad, garasje og uthus skal ikkje overstige 400 m². Dersom det ikkje er bygd garasje samtidig med bustaden, skal det ved utrekning av samla bruksareal (BRA) reserverast minst 36 m² for bygging av frittståande garasje
- **Fritidsbustader** skal ha ein maksimal storleik på 120 m² bruksareal (BRA), tomtene skal ikkje vere større enn 1,5 dekar og bygd areal (BYA) skal ikkje overstige 20 %. Dersom parkeringa skjer inne på tomten, skal parkeringsareal ikkje reknast med i BRA, men inngår likevel i BYA. Største gesimshøgde er 6,0m og største mønehøgde er 8,0m, målt frå gjennomsnittleg planert terreng
- **Næringsverksemd/bygningar**
Bygningar for næring, erverv og produksjon vert normalt handsama gjennom utarbeiding av reguleringsplan. Utan reguleringsplan kan bygningar til dette føremålet reisast med ei maksimal høgde på inntil 12m, i tillegg kjem høgde for teknisk installasjon (heis, ventilasjon o.l.). Maksimal grunnflate kan vere inntil 1000m²

- **Naust** skal vere bygg/uthus i ein etasje med bruksareal (BRA) inntil 40 m², og kan byggjast enkeltstående eller i rekke. Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal. Knevegg på loft er ikkje tillate. Mønehøgda kan vere inntil 5,0m målt frå gjennomsnittlig planert terreng. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av bruksarealet (BRA). Altan, utkraging eller terrassar er ikkje tillate. Naust skal ha saltak med ein takvinkel mellom 35° og 45°. Tilhøvet mellom høgde og breidde kan maksimalt vere 1:1

1.6.15 Universell utforming

- I framtidige utbyggingsområde med krav om utarbeiding av reguleringsplan skal minimum 50 % av nye bueiningar utformast som tilgjengeleg bueining.

1.6.16 Skilt og reklame

- Ved utarbeiding av reguleringsplan skal skilt og reklame avklarast. Kommunen kan krevje søknad også for mindre skilt/ reklame.
- For bygningar som inneheld fleire verksemder skal det utarbeidast ein samla skiltplan.
- Skilt skal vera samstemte med fasaden på bygget dei er plasserte på. Bygningen sine fargar og hovudoppdeling av fasaden skal respekterast.
- Skilt og reklameinnretningar skal ta omsyn til nabobygg. Det skal takast omsyn til arkitektonisk utforming, proporsjonar, fasadeinndeling, materialbruk og fargar.
- Skilt- og reklameinnretningar som ikkje er direkte knytt til verksemda/-ene som vert driven på eigedomen vert ikkje tillatne.
- Skilt og reklameinnretning på laus fot skal ikkje vere til hinder for ferdsel eller til fare for fotgjengarar, syklistar, synshemma, rørslehemma eller andre.
- I ope naturlandskap, kulturlandskap, parkar og friområde er det ikkje tillate å føre opp frittstående reklameskilt.
- I reine bustadområde er det ikkje tillate å føra opp skilt og reklameinnretningar.
- Arenareklame som er orientert inn mot sjølve arenaen er ikkje omfatta av reglane her.
- Skilt og reklameinnretningar skal ikkje vere samanhengande over heile bygningsfasaden. Skilt og reklameinnretningar skal ikkje plasserast på møne, takflate, takutstikk eller gesims.
- Skilt kan lyssetjast, men då på ein slik måte at naboar, trafikantar og fasaden ikkje vert skadelidande. Lyskassar vert berre tillate dersom dei høver inn arkitektonisk og er utforma med lukka front og sider slik at berre tekst eller symbol gjev lys. Gesimsar utforma som lysande kassar vert ikkje tillate.
- Uthengsskilt skal av omsyn til sikt og ferdsel plasserast tilstrekkeleg høgt på fasaden. Slike skilt skal maksimalt stikka 1,0 m ut frå fasaden og storleiken skal ikkje vera over 0,5 m².
- Markiser skal avgrensast til vindaugsopningar og skal vera tilpassa bygningen si arkitektoniske utforming og fargebruk.

1.7 Omsyn til miljøkvalitet, natur, estetikk, landskap, m.m., jf. pbl § 11–9, nr 6 og 8

Krava gjeld også mellombelse og flyttbare bygningar, konstruksjonar eller anlegg.

- #### 1.7.1 Områdeplanar /detaljreguleringsplanar og tiltak må vere avklara i høve til alle relevante interesser og verdiar knytt til biologisk mangfold, miljø, landskap, jordvern, natur, friluftsliv, kulturminne, ferdsel, tryggleik osb. Prinsippa i Naturmangfaldlova (§§ 8–12) skal leggjast til grunn for planlegginga og forvaltninga.

1.7.3 Estetikk

Ved behandling av plan- og byggesaker skal det leggjast vekt på å ta vare på åsprofilar og landskapssilhuettar. Som hovudregel skal bygningar og andre tiltak tilpassast terrengkotene og ikkje bryte horisonten. Det skal leggjast vekt på minimale terrenginngrep og optimal massebalanse innanfor plan- / byggeområdet.

Ved fortetting i eksisterande område skal nye bygningar stå i høve til nabobygga, terrenget og landskapet og som hovudregel tilpasse seg eksisterande byggelinjer, volum, takform og gesims- / mønehøgder.

1.7.4 Støy

Kommunen kan krevje støyvurdering som følgjer gjeldande nasjonale metodar ved reguleringsplanlegging og/eller før godkjenning av tiltak for varig opphald i område med risiko for støyplager.

1.7.5 Landskap og friluftsliv

Utbygging av naustområde skal ta omsyn til friluftssinteressene og landskapet. Badeplassar og stiar/tilkomstveggar til sjøen skal ikkje byggjast ned. Det skal vera mogleg for allmenta å ferdast framfor eller bak, samt mellom naust/naustgrupper.

1.8 Omsyn til bevaring og kulturmiljø, jf. pbl § 11–9, nr 7

1.8.1 Ved utarbeiding av reguleringsplanar og ved søknad om tiltak etter pbl kap. 20, skal eventuelle kulturminne og kulturmiljø skildrast, og det skal gjerast greie for korleis nye/planlagde tiltak tek omsyn til desse.

1.8.2 Tiltak nærare enn 100m frå freda kulturminne skal leggjast fram for kulturminnemynde for handsaming etter lov om kulturminne før igangsetting av tiltak. Tiltak i kulturmiljø, nærare enn 100m frå verna kulturminne eller verneverdige nyare tids kulturminne og kulturmiljø, skal leggjast fram for kommunal avdeling med ansvar for kulturminnevern for uttale.

1.9 Om avklaringar som skal gjerast i vidare planarbeid, jf. pbl § 11–9, nr 8

1.9.1 Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal tilhøyrande ROS-analyse ta utgangpunkt i KOMROS 2013 og gjere greie for:

- ei tilstrekkeleg handtering av overvatn mht. regionen si VA-norm, slik at bygg og anlegg ikkje tek skade ved til dømes ekstremnedbør
